

anna i same etagen. Alle administrationsrom og publikumrom ligg paa same plan, paa ubrotne golv, og daa lesesalen skulde hava overljos likesom i det gamle huset, vart alle desse rom lagde i 2dre høgdi, svarande til 4de og 5te (midt-romi til 4de—6te) boketage. Denne centralisation er til umaateleg stor lette for arbeidet, og publikum skal ikkje klaga, um dei lyt stiga upp; det er meir um aa gjera, at arbeidsvilkaari er lette for personalet<sup>1</sup>. Og ikkje minst gagnlegt var det, at paa denne maaten er det vunne inn 1380 m.<sup>2</sup> eller eit godt norsk maal i golv plass til bokmagasin i sjelve hovudbyggnaden.

Fraa Drammensvegen fører hovud-inngangen gjennom eit smalt vindfang inn i ei romleg kvelvd hall; ei breid makleg granit-tropp gjeng i 2 laup upp i 2dre høgdi, til forhalli med garderobe og toilett-rom for publikum. Heri-




Fig. 4. Universitetsbiblioteket i Kristiania. Snitt gjennom utstillings-salen og bokmagasinet (den delen av huset, som no er fullførd). Teikna av H. Sinding-Larsen.

fraa fører dubbele pendel-dører i 3 leider inn i dei rom, som publikum hev tilgjenge til: utlaanskontoret (tvihøgt) parallelt med façaden, den store lese-salen (trihøg) til vinstre, og utstillingssalen (trihøg) til høgre, alle med overljos. Meir treng ikkje publikum sjaa, og lenger slepp dei ikkje inn; personalet er i fred for utidigt renn.

Innanfyre ligg kontori og arbeidsromi aat personalet, som hev eigen inngang fraa Observatoriegata og eigen garderobe. Den store arbeidssalen, med 8 glasboxar aat amanuensar og assistentar, ligg like attanfyre utlaanskontoret (med bokluke i millomveggen), og innerter til høgre i ein vinkel radt ut til façade-hyrna fylgjer ei suite (6) kontor for amanuensar og bibliotekarar, med dei tvo kontori aat chefen i midten. Alle desse rom er tvi-

<sup>1</sup> Personalet er lite paa dette store biblioteket. Det er overbibliotekar, 2 bibliotekarar, 10 amanuensar (tvo av deim er inspektørar), 2 assistentar, 1 hjelpe-inspektør, 1 kontorist, 1 vaktmeister, 1 vakt- og varme-meister, 1 tenar, 1 fyrbøtar.